

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 19/2216-5

Trivselshagen IKS - Forvaltningsrevisjon - Prosjektplan

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Prosjektplanen vert godkjent som framlagd
2. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon seinast 16. september 2019

Vedlegg:

- Prosjektplan frå Deloitte AS

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet hadde møte på Firda vidaregåande skule 11. februar i år, der utvalet også møtte Trivselshagen IKS. Dagleg leiar og styreleiar orienterte om status for reklamasjonssaka vedr. bassenget. Reklamasjonssaka mot entreprenøren er avslutta etter forlik. Erstatningskrav frå eigarane er ikkje ferdig handsama. Utvalet fekk i tillegg orientering om organisasjonsform og struktur i selskapet, der det vart vist til utarbeidd rapport frå Vidsyn AS.

Kontrollutvalet ba kontrollsjefen kontakta SEKOM for eventuell felles selskapskontroll med forvaltningsrevisjon av selskapet.

Kontrollsjefen har hatt kontakt med SEKOM, som er sekretariat for kontrollutvalet i Gloppen kommune. Kontrollutvalet i kommunen vedtok tidlegare i år å ta opp att sak om oppfølging av rapporten frå Vidsyn i møte 5. september.

Fylkesutvalet behandla rapporten frå Vidsyn 6 mars i år og vedtaok mellom anna at tilrådde tiltak i rapporten vart sett i verk. Tiltak 15 i rapporten frå Vidsyn er ei oppmoding om at kontrollutvalet skal gjennomføre kontroll av selskapet.

Kontrollutvalet behandla bestillingssak om forvaltningsrevisjon av Trivselshagen IKS 1. april i år i KU-sak 15/19, der utvalet vedtok:

1. *Bestilling av forvaltningsrevisjon av Trivselshagen IKS vert godkjent med dei innspel som kjem fram i møtet*
2. *Bestillinga vert oversendt Deloitte AS*

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok prosjektplan 25. april, der Deloitte AS har utarbeidd problemstillingar til dette prosjektet på bakgrunn av bestillinga frå kontrollutvalet, og som reflekterer føremålet i bestillinga på ein god måte.

Det er, som revisor skriv i prosjektplanen, ikkje ein del av mandatet å sjå på alle forhold knytt til fylkeskommunen si eigarstyring av selskapet, men å halde seg til dei utgreidde problemstillingane i prosjektplanen.

Kontrollsjefen vurderer prosjektplanen til å vere ein god plan på bakgrunn av bestillinga frå kontrollutvalet. Utvalet må i si behandling av planen vurdere om dette vil gje ein tilstrekkeleg kontroll av Trivselshagen, eller om utvalet eventuelt også vil ha med kontroll av fylkeskommunen si eigarstyring av dette selskapet utover det revisor legg opp til i prosjektplanen.

3. Konklusjon

Deloitte AS har utarbeidd ein prosjektplan på bakgrunn av bestillinga som kontrollutvalet vedtok 1. april i KU-sak 15/19. Prosjektplanen reflekterer føremålet i bestillinga på ein god måte. Kontrollsjefen rår til at prosjektplanen vert godkjend slik den ligg føre.